

HØVET TIL Å STILLE MILJØKRAV SOM VILKÅR FOR RUTELØYVE

Moment for innspel til politikardag

Overordna om ruteløyve og vilkår

- Krav om løyve for å kunne drive rutetransport på fjorden, jf. yrkestransportlova § 7 (1), jf. § 25.
- Fylkeskommunen er løyestyresmakt, jf. yrkestransportlova § 13 (2)
- Opp til løyvestyresmakta sitt frie skjønn om det skal tildelast løyve eller ikkje.
- Yrkestransportlova § 11: «Løyvestyresmakta kan setje vilkår for det einskilde løyvet.»
- Sagt i førearbeida at verkemiddel – og vilkår – vil kunne vere forskjellige ulike stader i landet
- I Nasjonal transportplan for 2006-2015 heiter det mellom anna:
 - "Regjeringen vil føre en offensiv miljøpolitikk for transportsektoren, med vekt på å redusere skadelige utslipp fra transport gjennom skjerpede miljøkrav, satsing på ny, utslippsfri teknologi og overgang til mer kollektivtrafikk, sykkel og gange i byområdene". (Vår understreking.)

Forvaltninga har generell rett til å stille vilkår til forvaltningsvedtak

- Forvaltninga har sedvanefesta rett til å stille vilkår til løyver når det ligg til forvaltninga sitt frie skjønn å tildele løyve.
- Høvet kan vere avgrensa gjennom lov. Tolking av lovheimelen.
 - Verken lovteksten eller førearbeida til yrkestransportlova seier at det ikkje er relevante å ta miljøomsyn ved spørsmålet om tildeling av ruteløye.
- Norsk forvaltningsrett: alle relevante omsyn skal klarleggast og vektleggast i forvaltnings saker.
- Vilkåra må vere:
 - Formålmessige (sakleg samanheng mellom løyvet og vilkåret)
 - Forholdsmessig

Grunnlova § 112 og ulovfesta miljørettslege prinsipp

- Miljøet har særskilt vern etter Grunnlova § 112 (tidlegare § 110 b).
 - Tolkingfaktor: må ta omsyn til når ein skal tolke lover som kan ha verknad for miljøet.
- Integrasjonsprinsippet: internasjonal forankring som også gjeld i norsk rett.
 - Miljøkonsekvensar av planar og tiltak skal utgreiast før vedtak vert gjort.
- Miljøomsyn skal alltid vurderast og vektleggjast i samband med vedtak som kan ha miljømessig betydning – uavhengig av om det eksplisitt går fram av lova eller ikkje.

Forvaltningskjønnet og vekting av miljøomsyn

- Sjølv om formelt høve til å stille miljøkrav til vedtak om ruteløyve: forvaltninga fritt skjønn om og kva – innanfor visse skrankar
 - Formålmessige
 - Forholdsmessige
 - Elles ikkje gjer brot på grensene for det frie skjønn.
- Forvaltninga har stor grad av skjønnsfridom ifht kva vekt ein skal leggje på miljøomsyn, men må klarleggje miljøverknader før ein treff vedtak.

Betydninga av at Nærøyfjorden er på verdsarv-lista

- Er eit relevant moment i vurderinga av om løyvestyresmaktene bør setje miljøvilkår til ruteløyve på Nærøyfjorden.
- Noreg har ratifisert konvensjonen om vern av verdens kultur- og naturarv.
 - Skal syte for å bevare dei verna områda og gjennomføre naudsynte tiltak for å oppnå dette, derunder juridiske, tekniske og administrative tiltak, jf. konvensjonen artikkel 4 og 5.
- Staten har verna Nærøyfjordområdet ved å gjere det til landskapsvernområde etter naturmangfaldslova, og det er fastsett ein forvaltningsplan for området.
 - At Nærøyfjorden er på verdsarv-lista, bør difor vere eit tungtvegande moment for at det er tenleg og forholdsmessig å stille miljøvilkår til farty i rute på denne fjorden.
 - Jf. at det er sagt i førearbeida at verkemiddel – og vilkår – vil kunne vere forskjellige ulike stader i landet.
 - Kan difor vere sakleg og forholdsmessig å stille slike vilkår til ruteløyve på Nærøyfjorden sjølv om det ikkje blir gjort andre stader.

Forholdet til EØS-retten

- EØS-retten er ikke til hinder for at det blir stilt vilkår til ruteløyver. EØS-retten vil tilsvare det som følger etter den alminnelige norske forvaltningsretten: vilkår må vere *saklege og forholdsmessige*.



Kontaktinformasjon

Oslo

Advokatfirmaet Selmer DA
Postboks 1324 Vika
0112 Oslo

Besøksadresse: Tjuvholmen allé 1
T: + 47 23 11 65 00

Trondheim

Advokatfirmaet Selmer DA
Postboks 869
7409 Trondheim

Besøksadresse: Kjøpmannsgata 52
T: + 47 23 11 65 00

E: selmer@selmer.no
W: selmer.no

